

**Søker om underskotsgaranti igjen**

17.11.2014

**Husnes Jazzklubb fekk avslag på søknaden til kommunen om underskotsgaranti då dei søkte for ei tid sidan men no har dei sendt ein ny søknad - for konserten til den danske Christina Dahl Quartet sist laurdag i Dønhaugkjedlaren.**

**Tekst og nett: Ola Matti Mathisen**

Det går fram av søknaden at klubben hadde ein billettinntekt på 12 000 kroner ettersom det kom 60 og billettprisen var 200 kroner. Dette tilsvarar honoraret. Det er kalkulert med eit tilskot frå Vestnorsk jazzsenter på 5000 kroner og frå Norsk jazzforum på 3 300. Sponsorar har bidratt med 2000 slik at inntektene kjem opp i 22 300 kroner.

Utgiftssida utanom honoraret er 2000 til leige av utstyr, 2000 til overnatting, 2000 til reise, 1800 til mat og 2500 til annonsering..